

Årsmelding 2024



Orre sokn



DEN NORSKE KIRKE
Orre kyrkjelyd

Innhold

Nøkkelopplysningar Enhetsregisteret.....	3
Orre sokneråd	3
Tilsette	3
Frivillige og tilsette.....	4
Orre kyrkjelyd 2024	4
Konsert.....	4
Statistikk	5
Bispevisitas.....	6
Gjevarteneste	6
Økonomi.....	7
Årsrapport for babysong.....	10
Årsrapport for trusopplæring	10
Årsrapport for konfirmantarbeid.....	11
Årsrapport for ungdomsklubb.....	11
Årsrapport for diakonalt arbeid.....	12

Nøkkelopplysningar Enhetsregisteret

- Organisasjonsnummer: 976 993 578
- Navn/foretaksnavn: Orre sokn
- Organisasjonsform: Den Norske Kirke.
- Besøksadresse: Åsevegen 37, 4343 Pollestad
- Kommune: Klepp
- Postadresse: Postboks 101 4358 KLEPPE
- Internettadresse: <https://orre.kyrkjelyd.no/>

Orre sokneråd

- Bjørn Borgen (soknerådsleier)
- Wenche Jess Klippen (nestleier)
- Anne Kyte Moi (rådsmedlem)
- Jan Wiig (Rådsmedlem)
- Henning Thunheim (Fast møtande vara).
- Jarle Minnesjord (sokneprest) fram til juni 2024
- Gunther Theiss (fungerande sokneprest) fra august 2024

Tilsette

- Jarle Minnesjord, sokneprest t.o.m. juni 2024
- Kristin Aalgaard Hillestad, dagleg leiar t.o.m. juli 2024
- Gunther Theiss, sokneprest f.o.m. august 2024
- Hilde Norland Djønne, dagleg leiar f.o.m. juli 2024
- Arne Hadland, organist
- Erik Gjerdahl, menighetspedagog
- Karoline Undheim, administrasjonsmedarbeidar f.o.m. august 2024
- Karl Ørbeck Dächert, ungdomsarbeidar
- Ruth Bråteit, diakonimedarbeidar
- Bjørn Borgen, klokkar
- Ketil Terning, kyrkjetenar
- Marit Byberg, reinhaldar

Frivillige og tilsette

Orre sokneråd vil takka både frivillige og tilsette for den innsatsen kvar og ein gjer i Orre kyrkje, både i gudstenestearbeid, diakonalt arbeid, trusopplæring, ungdomsarbeid, praktisk arbeid, kyrkjelydsblad, gjevarteneste og i forbønn!

Orre kyrkjelyd 2024

Me har lagt bak oss eit noko spesielt år. Tidleg på året vart det klart at Jarle Minnesjord ville slutte av tenesta i Orre etter 18 år. 18 års teneste har sett mange gode spor. Menighetsarbeidet har utvikla seg mykje desse åra. Reform for trusopplæring, ungdomsarbeid m.m. Jarle la òg ned eit stort arbeid for flyktningar frå Ukraina som var stasjonert på Nærland mottak. Han fekk oversett preika og tilrettela gudstenesta for flyktningane. Transport til og frå vart gjort på dugnad Det har blitt prøvd å vidareføra dette arbeidet, men det er færre flyktninger på Nærland nå.

Avslutningsgudstenesta for Jarle var 9. juni. Alle ønska han lykke til i prestestillinga i Porsgrunn.

På grunn av økonomisk innstramming i bispedømmet fekk me ikkje lyse ut ny fast prestestilling etter Jarle. Me skulle ha prest i eit års engasjement, og me er veldig glade for å ha hatt Gunther Theis som prest i denne tida.

I oktober hadde me bispevisitas i Klepp, Bore og Orre, og biskopen var med anna med og avduka den gamle kyrkjaklokka i menighetssalen.

Kristin Aalgaard Hillestad slutta av som dagleg leiar for Orre menighet sommaren 2024. Me takka henne for eit trufast og godt arbeid i menigheten vår. Heller ikkje denne stillinga, 35%, er lyst ut på ny. Kirkeverga ynskjer å sjå nærmare på organisering av dagleg leiars funksjon i menighetene våre. I mellomtida har Hilde Djønne og Karoline Undheim fungert i denne stillinga.

Eg vil takke alle som nytta vår kyrkje til barnedåp, konfirmasjon, vielse og gravferd og takke alle tilsette og frivillige som legg ned ein stor innsats i vår menighet.

Bjørn Borgen ref.

Konsert

Den årlege Coytrykvelden med Country Lights vart igjen arrangert i Orre kyrkje i oktober. Denne gong med Morten Samuelsen som gjest. Eit vellykka arrangement med 160 besökende.

Statistikk

Nøkkeltall for Orre sokn

	2020	2021	2022	2023	2024
Gudstenester sundagar og heilagdagar	24	23	28	25	24
Deltakarar sundagar og heilagdagar	1149	939	1856	1829	1760
Kollekt til eige arb.	29.335	25.786	26.920	32.515	42.715
Kollekt til andre	20.354	30.750	44.950	51.637	55.966
Gjevarteneste	102.350	102.400	116.300	118.200	114.200
Dåp	17	20	15	15	16
Konfirmantar	21	14	10	21	20
Vigslar	2	1	6	3	4

Bispevisitas

I september hadde me visitas med biskop Anne Lise Ådnøy. Dette vart ein oppmuntrande og inspirerande visitas der biskopen saman med oss reflekterte over kyrkjelyden sitt liv og framtid. Vi hadde rådsmøte saman med Bore og Klepp. Me gjekk på pilegrimsvandring frå Orre friluftshus til Orre gamle kyrkje, der me avslutta med gudsteneste og kyrkjekaffi. Det vart arrangert kulturveld ved Jærhagen med temaet «Er det ingen vaksne heime?». Visitasen vart avslutta med felles gudsteneste i Vollhallen for Bore, Klepp og Orre.

Biskop Anne Lise Ådnøy runda det heile av med visitasforedrag og hennar betraktnigar om dei ulike kyrkjelydane. Her kom ho med gode råd for det vidare arbeidet. Biskopen var opptatt av at dei ulike kyrkjelydane i Klepp hadde god dialog og fokus på kva som kunne gjerast saman, og kva arrangement som burde gjerast kvar for seg. Elles utfordra ho oss på samarbeidet mellom kyrkje og skule og på besökstenesta i soknet.

Gjevarteneste

Takk til alle som bidreg økonomisk med givarteneste til kyrkjelydsarbeidet! Gjevartenesta er ei viktig inntektskilde for soknet, og dekka i 2024 delar av stillingane ungdomsarbeidar og kyrkjelydspedagog.

Gjevartenesta for 2024 endte på kr 114.200 + renter. Det var budsjettert med kr 120.000. Det er ein nedgang i gjevartenesta frå 2023 på kr 4.000,-

Gjevartenesta er viktig for å realisert det kyrkjelydsarbeidet som er utover det offentlege tilskot dekker.

Økonomi



8 ORRE SOKNERÅD (2024) - År/Periode 2024 1 - 12		26.02.2025		
		Regnskap 2024	Buds(end) 2024	Regnskap 2023
1101 ABBONEMENT AVISER/TIDSKRIFTE	0,00	0,00	4.990,00	
1110 DIVERSE UTGIFTER TIL FORBRUK	22.059,59	59.000,00	20.400,27	
1111 BØKER, GAVER	14.118,70	14.000,00	16.349,34	
1112 KIRKEMUSIKALSK ARBEID	270,00	0,00	0,00	
1115 MAT / BEVERTNING	12.193,36	22.000,00	18.108,05	
1120 ANDRE UTGIFTER	6.518,24	5.000,00	9.640,43	
1130 PORTO/BANKGEBYRER	2.093,00	1.100,00	1.052,00	
1150 OPPLÆRING/KURSUTGIFTER	1.250,00	1.000,00	4.900,00	
1155 TRANSPORTUTGIFTER (BILLETTER)	0,00	0,00	1.341,00	
1190 HUSLEIEUTGIFTER	2.900,00	0,00	0,00	
1196 LISENS PÅ DATAPROGRAM	2.671,88	1.000,00	4.712,00	
1200 INVENTAR OG UTSTYR	14.104,50	16.000,00	0,00	
1203 EDB-UTSTYR	79,20	0,00	0,00	
1341 REFUSJON TIL FELLESRÅD - LØNN	301.274,00	316.092,00	194.895,53	
1370 REFUSJON TIL ANDRE	2.200,00	0,00	0,00	
1429 MOMS GENERELL KOMP.ORDN	1.933,24	0,00	0,00	
1465 OVERSENDELSE AV OFRINGER/INI	55.965,85	50.000,00	51.636,72	
1469 ANDRE INNSAMLA MIDLER	10.355,00	7.500,00	7.223,00	
1470 TILSKUDD/GAVER TIL ANDRE	10.000,00	10.000,00	0,00	
1540 AVSETNING TIL UBUNDNE FOND	75.294,59	75.294,00	65.618,34	
1550 AVSETNING TIL BUNDNE DRIFTSFOND	0,00	0,00	42.849,15	
1580 REGNSKAPSMESSIG OVERSKUDD	41.389,86	0,00	101.294,59	
Sum utgifter	576.671,01	577.986,00	545.010,42	
1610 INNBETALING AV DELTAKERAVGIF	-31.211,43	-1.000,00	-17.771,87	
1623 DIVERSE SALG	-1.382,94	0,00	-1.332,68	
1630 UTLEIGE AV KIRKER	-1.500,00	-3.500,00	-3.000,00	
1729 REF. MOMS PÅLØPT DRIFTS.REGN	-1.933,24	0,00	0,00	
1740 REFUSJON FRA FELLESRÅD	0,00	-4.500,00	-7.117,30	
1800 TILSKUDD FRA BISPEDØMMERÅDE	0,00	0,00	-30.000,00	
1830 TILSKUDD TIL BARNE- OG UNGDON	-21.493,00	-12.000,00	-22.740,00	
1840 TILSKUDD FRA FELLESRÅD	-148.200,00	-140.000,00	-163.939,00	
1860 OFFER TIL EGEN VIRKSOMHET	-42.714,52	-32.000,00	-32.514,84	
1865 OFFER TIL ANDRE	-55.966,14	-50.000,00	-51.637,39	
1869 ANDRE INNSAMLA MIDLER	-10.355,00	-7.500,00	-7.223,00	
1871 GIVERTJENESTE	-114.200,00	-120.000,00	-118.200,00	
1873 TILSKUDD FRA ANDRE	-2.481,00	0,00	-1.957,00	
1900 RENTEINNTAKTER	-31.090,00	-22.000,00	-21.959,00	
1930 BRUK AV OVERSKUDD	-101.294,59	-101.294,00	-65.618,34	
1940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND	0,00	-54.192,00	0,00	
1950 BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND	-12.849,15	-30.000,00	0,00	
Sum inntekter	-576.671,01	-577.986,00	-545.010,42	
T O T A L T	0,00	0,00	0,00	



BALANSE

8 ORRE SOKNERÅD - 2024

26.02.2025

Regnskap 2024 Regnskap 2023

EIENDELER:**A - Anleggsmidler**

Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
Ustyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utan	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
B - Omloppsmidler		
Kortsiktige fordringer	0,00	3.171,00
21300002 DIV.KRAV	0,00	3.171,00
21310000 TRYGDEKTR. REF.KRAV	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	986.335,73	970.358,02
21020006 ORRE SOKN 0775872	66.848,45	152.867,46
21020027 ORRE S.G.IVT 32905334386	917.200,34	815.692,34
21020029 ORRE, MENGH.SAL 32905392599	2.286,94	2.217,94
21399000 INTERIMSKONTO BANK	0,00	-419,72
C - SUM EIENDELER:	986.335,73	973.529,02

EGENKAPITAL OG GJELD:**D - Egenkapital**

Disposisjonsfond	870.177,87	794.883,28
25600000 DISPOSISJONSFOND	-870.177,87	-794.883,28
Bundne driftsfond	30.000,00	42.849,15
25150004 FOND TRUSOPPLÆRING	0,00	-12.849,15
25150006 PROSJEKTMIDLER STAVANGER BISPEDØMME	-30.000,00	-30.000,00
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	41.389,86	101.294,59
25950007 UDISP.NETTO DR.RES.	-41.389,86	-101.294,59
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Udekket i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	0,00	0,00

Gjeld**E - Langsiktig gjeld**

Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	0,00	34.502,00
23250002 ANNA KORTSIKTIG GJELD	0,00	-34.502,00

G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:

Memoriakonti	0,00	0,00
Ubrukte lánemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Notar til rekneskap 2024 – Orre sokn

Note 1

Udisp.overskot tidl.år

Overskot kr 101 294 for 2023 vart disponert i tråd med vedtak 24/016 i Orre sokneråd.

10 000 til misjonsprosjekt i Israel

16 000 til stolputer og kyrkjeklokkeoppfeng.

Resterande 75 295 vart sett over til disposisjonsfond .

Note 2

Kortsiktige fordringar

Note 3

Anna kortsiktig gjeld

Skuldige fakturaer kr 44 768,-

Note 4

Fond

Bunde fond IB 42 849,15

Bruk av fond 12 849,15

Bunde fond UB 30 000,-

Disposisjonsfond IB 794 883,28

Avsett til disp fond 75 294,59

Disposisjonsfond UB 870 177,87

Årsrapport for babysong

I 2024 vart det arrangert babysong i Orre kyrkjelyd frå januar til mars ved dåverande sokneprest Jarle Minnesjord, totalt seks samlingar. Det var om lag seks til åtte deltakarar på kvar samling. I samlinga vart både kristne songer og songer som berre handlar om glade og sprelske born brukta. Aktivitetane me gjer på mattene gjenspeglar ofte innhaldet i songane.

Årsrapport for trusopplæring

Dåpsgruppesamlingar

Me har hatt dåpsgruppesamlingar med ein til fire dåpsfamiliar samla kvar gong. Familiane møter prest og kyrkjelydspedagog som gir ei innføring i dåpen og informerer om trusopplæringa. Det var 18 døypte tilhøyrande Orre sokn.

123 Spira gudsteneste

Alle døypte 0, 1-, 2- og 3-åringar fekk invitasjon til familiegudsteneste i februar, og alle ti borna som deltok fekk gåver med heim.

Utdeling av 4-års bok

Opplegget på både 4-årssamlinga og gudstenesta fungerte veldig godt. På samlinga hørde dei ni borna forteljinga om sauens som gjekk seg bort og dei fann sauar som var gøynde i kyrkjeradene. Det var fint å sjå barn og foreldre gå i lag rundt i kyrkjerommet på postar, kor dei leste, undra, såg og oppdaga elementa.

Dåpsskulen på Orre

Opplegget for dåpsskulen er godt innarbeida og barna følg med og trivst. Dei var stolte over det fine biletet som dei laga med bønen "Fader Vår", som mange tok med heim og hang opp på veggen. Sju born deltok på dåpsskulen i 2024.

Legoklubb

Seks born møtte på Legoklubb. Me song «Bygge Guds rike» og hørde to bibelfortellingar, formidla med legobrikker. Til slutt leikte me med Lego og spiste boller.

Tårnagent

12 unge lovande agentar løyste mysterier og oppdrag. Dei blei med dette betre kjent med kyrkja. Agentane lærte òg Tårnagent-songen, som vart framført på gudstenesta. Høgdepunktet var nok bokstaveleg talt å få klatra opp i kyrkjetårnet, og ringa i kyrkjeklokka. Samtlege agentar bestod dette oppdraget med glans.

Between

Opplegget har fokus på fellesskap og relasjonar, å byggje sjølvbilete og ein trygg kvardagstru på Jesus. Rundt 20 born fra 5-7. trinn har vært innom på de 4 samlingene vi har hatt.

Årsrapport for konfirmantarbeid

Sokneprest har hatt ansvar for konfirmantundervisning og menighetspedagog har deltatt på dei fleste samlingane saman med han.

I konfirmantåret 2023/2024 samlast 21 konfirmantar annankvar veke i Orre kyrkje.

Konfirmantane hadde dette året tilbod om konfirmanttur til Evje saman med Klepp. Denne turen vart i 2023 lagt til byrjinga av september. Nesten alle konfirmantane valte å vera med dette året. Ungdomsarbeidar var med som leiar frå Orre.

I konfirmantåret 2024/2025 samlast 18 konfirmantar annankvar veke i Orre kyrkje. Året blei innleia med deltaking på Jærgårds i august.

Konfirmantane deltek ved minimum 8 gudstenester i løpet av året, derav 4 tenestegudstenester. Konfirmantane bidreg inn på gudstenestene.

Årsrapport for ungdomsklubb

Ungdomsklubben i Orre kyrkje er eit tilbod for ungdom mellom 8. og 10. klasse. Dei møtast annankvar fredag i partalsveker og i 2024 vart det arrangert om lag 20 samlingar. Antal deltagande varierte frå 4 til 27 for kvar gong. Fleirtalet av dei deltagande har vore konfirmantar. I løpet av året vart det arrangert fleire konkurransar, blant anna i FIFA, bordtennis og fotballbord. Elles har dei òg laga mat, grilla i Salteskogen, vore i Orrehallen og på fotballbanen med ulike aktivitetar. Det er ungdomsarbeider Karl Ørbeck Dächert som er ansvarleg for ungdomsklubben.

Årsrapport for diakonalt arbeid

Diakonale tiltak i Orre

Det er tilbod om samtaler. Mange tek i mot dette tilbodet.

Elles er det ikkje nokon eigne diakonale tiltak i Orre kyrkjelyd per dags dato.

Samarbeid med Klepp kommune

Samarbeidet med kommunen som i år ha vore gjennomført er besøkstenesta, Besøksven og Våketjenesten.

Samarbeid med andre sokn, fellesråd og andre organisasjonar

- Orre kyrkjelyd deltok på Julegaveaksjonen i 2024.
- Minnegudstenesta 3.november vart arrangert felles for alle fire sokna i Klepp kyrkje.
- Formiddagstreffet på Stasjonsbygget på Klepp stasjon hadde åtte samlingar i løpet av året. Me ser ei svært positiv utvikling med auking i antal deltakande. Formiddagstreffet er eit samarbeid mellom alle dei fire kyrkjelydane i fellesrådet.
- Gudstenestene med tilrettelagt klubb, Torsdagstreff, hadde ni samlingar, ein av dei var sommarturen til Voll juletregard i juni.
- Institusjonsandaktene har gått som normalt i 2024 og er fordelt mellom prestane og diakonen. Organist er med kvar gong. Vi har og fått lagt inn i planen, nattverd 2 ggr i halvåret.
- Den årlege seniorfesten gjekk av stabelen 19.mars 2024. Seniorfesten er eit samarbeid mellom dei 4 sokna i fellesrådet.